



Ikveld klokka 18 startar jubileumskonserten i festsalen til Husnes Kultuhus og det har kome helsing til og med frå Latvia til Røysterett for alle som er 25 år. Den er frå dirigent Ginta Petersone i koret Atskana like utanfor Riga som koret vårt har hatt tett kontakt med. Det har vore gjensidige besøk og kora har imponert kvarandre!

Det vert ellers eit variert program ikveld, og Strupebandet frå Halsnøy med orkester er gjester.

Tiril Einarsdottar byr på både felespel og dans og Ime Irene Simonsen spelar klaver.

Repertoaret til det jubilerande kor inneheld både gammalt og nytt. Nyinnøvde er to nummer få Spelemann på taket og signatursongen som for stutt tid sidan vart sunge med suksess i rådhuset i Haugesund. Den kan vi no høyra for fyrste gong her i distriktet'

I ein historisk rapport står det at det mest krevjande prosjektet koret har hatt til no er den mektige syklusen som dirigent Maria Malmsten laga i fjor haust. 'For eit bygdekor er det på grensa til galskap å stella istand noko slikt på 10 månadar frå ingen ting', meiner rapportskrivaren.

Utan dirigent Maria og hennar evner som tonesettar og arrangør samt auge og sans for mykje ana hadde nok ikkje dette verket sett dagsens ljøs, står det å lesa. I kveld får vi høyra 3 utdrag frå verket.

Av Ola Matti Mathisen



Både Maria og dottera Tiril skal i aksjon ikveld Foto: Ola Matti Mathisen